

Årsmelding Kviteseid Arbeidarparti 2020:

Etter årsmøtet i 2020 har desse vore med i styret:

Leiar Tarjei Gjelstad, nestlediar Solveig N Grave og styremedlemmer Bjørn Håvard Olsen, Tone M Heggtveit og Geir Kjartan Lid. Solveig Nekstad Grave vart valt som kvinnepolitiske kontakt til styret: Monica Halvorsen (1.vara møter fast), Einar Søreide og Inger Auestad.

Valnemnd: Bjørn Håvard Olsen (leiar) og Terje Nekstad.

Revisor: Svein Henriksen

Årsmøtet for Kviteseid AP var på Dølehalli i Morgedal 4. februar. Talar på møtet var Truls Vasvik – leiar for Vestfold og Telemark Arbeiderparti og leiar av hovudutval for næring og reiseliv i Vestfold og Telemark fylkeskommune. Bjørg og Terje Nekstad levera som vanleg eit godt måltid mat.

2020 har vore eit spesielt år. Koronasituasjonen har prega all aktivitet nesten heile året, også det politiske arbeidet. Politikk betyr vanlegvis masse fysiske møter der ein drøftar seg fram til resultat enten ved å bli einige eller ved avstemming. Etter at Noreg vart lukka ned 12.mars har Kviteseid AP bare hatt eit større fysisk møte, det var medlemsmøte i november der budsjettforslaget for 2021 vart vedtatt. Det betyr ikkje at kommunestyregruppa har snakka saman. Ved hjelp av digitale verktøy har førebuing til politiske møte vore større nå enn tidlegare. Framfor alle formannskaps- og kommunestyremøter har det vore Teamsmøter og i tillegg har ein bruka Teams til møte for andre tema og saker. Teams er ein effektiv måte å holde møter på sidan ein slepp å reise og kan ha effektive møte. Men alle savnar det å ha fysiske møte så me håpar på at vaksineringa snart vil hjelpe.

I april gjekk ein våre gode partikollegaer bort. Terje Nekstad døydde brått heime og med det mista Kviteseid AP eit aktivt medlem. Terje har vore medlem i mange år og vore med i kommunestyret, kontrollutval og eldreråd. Han hadde ei klar mening og sa frå når han ikkje var einig.

2020 har òg vore det fyrste heile året i posisjon etter valet i 2019. I den nye kommunestyregruppa på seks personar er det god blanding av erfaring og nytt blod. Det er god kampvilje og målet er å ta tilbake makta etter valet i 2023. Gruppa har som mål å få gjennomslag for fleire av sakene vi hadde i valprogrammet.

Kviteseid AP opplever posisjonen sitt arbeid som utfordrande og manglande vilje til samarbeid og til å lytte. Det har frå vår gruppe blitt påpeika til ordførar at det må strammast inn på møtegjennomføring og ordbruk frå talarstolen.

Kviteseid AP leverte inn eit budsjett for 2021. Vi fekk sjølv sagt ikkje gjennomslag men fekk skryt for vårt alternativ som var meir konkret på styrking av KOS og ikkje rammekutt på stillingar samt ein meir nøktern investeringsbudsjett.

Solveig og Bjørn Håvard tok initiativ til å besøke KOS og bli med på vakter for å få innblikk i arbeidssituasjonen. Dette vart gjennomført og det har vore mange gode tilbakemeldingar på initiativet.

Kviteseid AP har 41 betalende medlemmer pr. 31.12.20.

For styret

Tarjei Gjelstad
leiar